

13 JUL 2000

SORENSKRIVAREN  
I NORDKORBLAND  
DAGBOKNR: 4652

**AVTALE**

mellom

Radøy kommune og  
Kirsten og Kåre Bø, 5936 Manger, eigar av gnr. 45, bnr. 7 og 152.

**vedkomande kjøp av grunn på Seilfaldet til utbyggingsføremål.**  
(Etter landbruksavdelinga si arealoppgåve er eigedomen totalt på 70 mål. Med frådrag jfr. nedanforståande punkt vert arealet kommunen kjøper omlag 65 mål.)


Med bakgrunn i vedteken kommunedelplan for Manger, kjøper Radøy kommune av Kirsten Bø og Kåre Bø gnr. 45, bnr. 7 og 152 med unnatak av:


1. Tomt rundt tunet, omlag 2,7 da, med grenser 1 m frå noverande hekk og 4 m frå driftsbygningen. Arealet sør-aust for denne tomten (mellom tomten og stupet) skal ikkje byggjast ut, men kan regulerast som friomrade.
  2. Nausttomt med påståande bygningar skal delast frå med eit høveleg areal etter nærare avtale. Nausttomten skal ha vegrett frå tunet etter noverande opparbeidd sjøveg. Deler av sjøvegen kan likevel leggjast om dersom utnytting av arealet til tomteland gjer dette turvande. Sjøvegen må likevel ikkje få lågare standard enn noverande.
  3. Tomt opptil 2 mål, som skal overførast til sonen, Per Helge Bø. Denne tomten skal liggja i haugen tvers overfor "Malmgrupa". Nærare plassering skal avtalast med Per Helge. Tomtegrenser og husplassering skal likevel tilpassast reguleringsplanen.
- Partane er elles samde om:
4. Malmgrupa vert i dag nytta av hovudbruket til drikkevasskjelde. Utbygging i området vil kunne forureine vatnet. Selgjar skal difor ha ei gratis tilknytning til vassverket som vederlag for tapt vasskjelde. Eventuelt utskifting av rør til høgare trykkklasse, og eventuell omlegging i terrenget er kommunen sitt ansvar. Tilsvarande tiltak som måtte bli turvande inne i huset er huseigar sitt ansvar. Per Helge skal betale tilknytning til vassverket for sin tomt etter gjeldande tariff på den tid tilknytninga skjer.
  5. Gardsvegen er kosta i eit fellesskap av Kåre Bø, naboen Harald Seilfaldet og kommunen, med 1/3 på kvar. Vedlikehaldet har vore delt i høve bruksmengda. 3 hytteeigedomar har og teke del i vedlikehaldet. Ved kjøpet overtek kommunen selgjar sine rettar og plikter i gardsvagen. Som vederlag skal den nye tomten til selgjar tilknytast det offentlege vegsystemet i reguleringsfeltet. Like eins skal den fråskilde tomten til Per Helge vederlagsfritt knytast til det offentlege vegsystemet.
  6. Når det offentlege avlaupssystemet vert bygd ut skal tomten til selgjar knytast til dette nettet. Turvande omlegging av rør i terrenget er kommunen sitt ansvar. Kåre Bø skal ikkje betala tilknytingsavgift for dette huset, men Per Helge skal betala tilknytingsavgift for avløpet på same måte som for vatnet. Tomten til selgjar, og like eins tomten til Per Helge skal frå tilknytningstidspunktet betala årsavgift for vatn og avløp på same måte som andre eigedomar i feltet.
  7. Kjøpar overtek bruket si gjerdeplikt etter utskiftinga.
  8. Kommunen betalar til Kirsten og Kåre Bø kr. 12,- -kroner tolv- pr. m2. etter seinare arealoppgåve (oppmåling). For skogsverdien skal kommunen betala kr. 10.000,-. Kjøpesummen skal utbetalast mot skøyte på eigedomen. Dersom selgjar måtte ønskja det kan kjøpesummen betalast i rater.


9. Kjøpar får fullmakt til å rekvirere deling / oppmåling, og ber kostnaden med dette og tinglysingskostnader. Per Helge betalar oppmåling og tinglysing for eigen tomt på same måten som andre tomtar i området. Oppmåling av denne tomten vil ikkje kunne skje før grensene er avklara i samband med reguleringsplan for området.

Avtala skal godkjennast av formannskapet / kommunestyret.

Manger, den 08.05.2000

  
Olav Steinar Namtvedt  
Ordføraren i Radøy ( kjøpar)



  
Kirsten Bø og Kåre Bø  
(seljar)

REGISTRERT

13 JUL 2000

SORENSKRIVAREN  
I NORDHORDLAND

DAGEBNR: 4652

